Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Fylke: Møre

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Volda

Emne: Ymse Ståtfôr

Bygdelag: Austefjord

Oppskr. av: M. K. Gursdal.

Gard: Gursdal

(adresse): Austefjord. Volda

G.nr. 62 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Røynsle og minne

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

# Rötter

A. Det er heller smått med sanking av röter i bygda idag. Ugrasskrigen er meir aktuell på all kulturjord, sjølsagt.

1) Men i besteforeldrene tid var det litt omvorleis. Fra 1860 til 1900 talet vart gamvel ugrasrot rekna som nödfôr i vårknipa.

2) I våronna under plogen vart kveke og tröske-

3) röter gravne opp av fora, vaska og gjeve kua. Jamvel hesten gnog i seg litt av det slaget.

4) Rötene vart bjergde heim på draugsleden når folket for heim til middagsmåls.

5. Rota vart nytta ferske, reinvaska. Var det avfalsmjöl i hus, vart det strala på litt som sorpe. Rota gekk lettare då i dyra.

6) Som serleg godt fôr var röter ikkje rekna, Dyra vart sårtente av dei i lengda.

B. Blom vart nytta til fôr. Men blomrota kjenner eg ikkje til som fôr, som vanleg. Moldforrot er ukjendt her.

Men Björnkam. vart nytta som surpefôr til hest. Den vart ryskja med hend um våren, og boren heim i sekke.

Under siste krig var desse röter ikkje nytta.

2695

Tang og tare er her i fjordbotnen i små mengder, og hev ad få vore nytta til kua. Berre dei som sit laglegast til ved sjøstranda hev laga litt tangsurpe til hjelpefor. Derimot hev det vorte meir nytta, attåt foring til grisen. Får gjerne sume nytta tang åt grisen endå.

Rognebær og rogelauv hev og vore nytta til blanding i grisemat ogso under siste krigen. Men det hev teke av sidan.

At Heoti mokk er nytta som for er her umlag ukjendt. Her lever enno at eit gamalt utrykk som tyder på soleis ein gong i tida; det vert stundom nytta som ukvemsord: Han eller ho er „Lortekokar" — Det kjem alltid fyre og vert sagt i haselas tone og haselas form. om den eller hin.

Sorpe vert derimot laga til både ku og hest Den vert bløytt av halmhakk, høyfrø og kornagner. Gjernast vert den nytta kald. Men foret vert mjukare og løyse seg betre opp om [illegible] varmt eller kokande vatn vert slege over sorpa og den får stå med denne „logero" og mjukne (løysa seg opp) Ein strår so mjøl over av mais, havre, selde eller blanda mjøl av ymse slag etter som ein hev. Til vanleg vert sorpe nytta kald, sjeldan ved sjukdom og fødselar.

Rognebær vert nytta i turka format.

71/ Ein koke lag på kvannstilk og kvannerot og tvaltebrot kjenner me ikkje til. Men derimot høyfrø og polegras er godt i koka stund åt grisen sørleg.

Fiskeavfall hev vore nytta og vert nytta enno når ein berre hev. Fiskeavfall vert koka.

2695

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dyra fær da både avfallet og krafta som en
her kallar: „Sod."
Sild derimot vert ofte nytta mest i salta form
utan løyping eller oppkok.
Laking av afall gjeng gjemnast for seg i Eldhus eller
i store kjellar med grue. Ogso ute i laglegt ver.
Dyra tek til å gjev eid avvore berre ein gong
um dagen opptil 3 a 4 liter i gangen.
Fær mjølkekua meir kan det koma smak
av mjølka, serleg om ho får sild.

Austefjord 10 januar 1949

M K Gundal

2695
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING